

Universitetet i Bergen
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)

INNKALLING TIL MØTE I INSTITUTTRÅDET VED LLE

Stad: Rom 435, HF-bygget

Dato/tid: onsdag 9. mai kl. 10.15

Til: Jill W. Rettberg, Arild Linneberg, Aidan Keally Conti, Jørgen Bakke, Christer Johansson, Christine Hamm, Torodd Kinn, Eli Kristine Knudsen, Keld Hyldig, Per Sigmund Sævik Bøe, Trude Bukve, Vegard Sørhus, Anne Berit Apold, Jessica Hildonen, Oda Marie Villanger, Ole Samdal, Anders Gonzo, Hanna Nakken

Representantar som ikkje kan møte, må sjølve be vara om å stille for seg.

Fakultetsstyrepresentantane med varaer er inviterte.

Dagsorden

- Godkjenning av innkalling og sakspapir
- Godkjenning av referat frå 6. mars

Saksliste

IR-sak 14/18: Orienteringssaker

- Stillingssaker
- Instituttleiarstillinga
- Rapport fra Norsk språkhistorie
- Ressursbudsjettering

IR-sak 15/18: Dagleg leiar for Norskkursa

IR-sak 16/18: Budsjettinnspel 2019

IR-sak 17/18 Revisjon av HMS-plan 2018 og oppfølging av HMS-rapport 2017

IR-sak 18/18 Eventuelt

Instituttrådsmøta er opne for alle interesserte.

Referat frå IR-møta: <http://www.uib.no/lle/24191/innkallinger-og-referat>

Referat frå FFU og UUI: <http://www.uib.no/lle> -> «Om instituttet» -> hhv. FFU og UUI

Johan Myking, *leiar*

Aleksander Morland, *fungadm.sjef/sekretær*

Instituttrådet ved LLE haust 2017 – vår 2021

Gruppe A	
Allmenn litteraturvitenskap	Representant: Arild Linneberg Vararepresentant 1: Gisle Selnes (forskningsfri V18) Vararepresentant 2: Erik Bjerck Hagen
Digital kultur	Representant: Jill Walker Rettberg Vararepresentant 1: Daniel Apollon Vararepresentant 2: Scott Rettberg Vararepresentant 3: Rolf Beev
Klassisk	Representant: Aidan Keally Conti Vararepresentant 1: Pär Ola Sandin Vararepresentant 2: Åslaug Ommundsen
Kunsthistorie	Representant: Jørgen Bakke Vararepresentant 1: Sigrun Åsebø Vararepresentant 2: Per Olav Folgerø
Lingvistikk	Representant: Christer Johansson Vararepresentant 1: Koenraad De Smedt Vararepresentant 2: Victoria Rosén
Nordisk	Representant: Christine Hamm Representant: Torodd Kinn Vararepresentant 1: Endre Brunstad Vararepresentant 2: Anders Gullestad Vararepresentant 3: Ann-Kristin Helland Gujord Vararepresentant 4: Odd Einar Haugen
Norskkursa	Representant: Eli Kristine Knudsen Vararepresentant 1: Elisabeth Bjugn Vararepresentant 2: Katrin Saarik
Teatervitenskap	Representant: Keld Hyldig Vararepresentant 1: Knut Ove Arntzen Vararepresentant 2: Tor Trolie
Gruppe B	Representant: Trude Bukve , stipendiat, allmenn lingvistikk Representant: Per Sigmund Sævik Bøe , stipendiat, nordisk språk 1. vara: Synne Ytre Arne, stipendiat, nordisk fagdidaktikk 2. vara: Are Bøe Pedersen, stipendiat, nordisk litteratur 3. vara: Gyri Smørdal Losnegaard, stipendiat, datalingvistikk 4. vara: Frode Helmich Pedersen, forsker, allmenn litteraturvitenskap
Gruppe C	Representant: Vegard Sørhus Representant: Anne Berit Apold Vararepresentant 1: Thomas Brendefur Vararepresentant 2: Signe Nilssen Vararepresentant 3: Asle Leidland Vararepresentant 4: Håvard Østrem Peersen

Gruppe D

Jessica Hildonen
Oda Marie Villanger
Ole Samdal
Anders Gonzo
Hanna Nakken

Vedlegg til dagsorden

Universitetet i Bergen

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)

REFERAT FRA MØTE I INSTITUTTRÅDET VED LLE

Stad: Rom 435, HF-bygget

Dato/ tid: tirsdag 6. februar kl. 08.15

Møtt: Jill W. Rettberg, Arild Linneberg, Aidan Keally Conti, Jørgen Bakke, Christer Johansson, Christine Hamm, Torodd Kinn, Eli Kristine Knudsen, Keld Hyldig, Per Sigmund Sævik Bøe, Trude Bukve, Vegard Sørhus, Thomas Brendefur, Jessica Hildonen, Oda Marie Villanger, Ole Samdal, Johanna Kleive, Hanna Nakken

Til dagsorden

- Innkalling og sakspapir ble godkjent
- Referat fra 1. februar ble godkjent

IR-sak 07/18 Orienteringssaker

- Referat fra FFU-møte 20.2.18
- Det er søkt om en stor sum penger fra Kunnskapsdepartementet til ordboksarbeide. Svar forventes i desember.
- Oppfølgingen av Humeval er nå i gang. Fagmiljø, forskergrupper og forskere har fått tilbud om midler dette arbeidet. Organisering av forskning i forskergrupper og bruk av strategi for forskningen vil få større konsekvenser for tildelinger i fremtiden.
- Kommentarer etter fakultetskonferansen: Fakultetsledelsen legger vekt på fag- og emnedimensjonering og ressursbudsjettering. Det jobbes med eget ph.d.-program for HF.

Vedtak:

IR tar orienteringssakene til orientering

IR-sak 08/18 Rekneskap 2017

Gjennomgang av nøkkeltall ved Liv Mørch: Overskudd på kr 86 000 fra 2017 overføres til budsjettet for 2018. Det er gjort beregninger av sosiale kostnader både knyttet til annuum og til øremerkede midler.

Vedtak:

Instituttrådet ved LLE vedtar regnskapet for 2017.

IR-sak 09/18 Budsjett 2018

Fakultetets og dermed instituttets budsjett omtales som stramt, men det er små endringer sammenlignet med budsjettet for 2017.

Ang. fast post til faglig-sosiale tiltak for studentene: Så godt som alle fagene ved LLE har aktive fagutvalg og det er mer studentaktivitet ved instituttet enn på lang tid. Det er planlagt aktiviteter i vårsemesteret som fagutvalgene har søkt om midler til, blant annet Fagkritisk dag. IU håper at det settes av samme sum som i 2017.

Ang. resultatfordeling: Studiepoengproduksjon for norskkursene skal inngå i tildelingen for studiepoengproduksjon. I tillegg til studiepoeng gis det uttelling for produserte grader (bachelor- og mastergrader), omtales som «kandidattall». For 2017 er resultater for studiepoeng og kandidater vist hver for seg, men for 2016 er de slått sammen. Det skal være mulig å fremstille poengproduksjon og bevilgning per fag, samt fordeling av bevilgning fra forskningstildelinger.

Det ble kommentert at potten til forskningsmidler på 500.000 er for lav til et instituttet av vår størrelse, og det ble etterspurt midler til språkvask av artikler. Potten til samlingene er økt noe sammenlignet med 2017.

Vedtak:

LLEs budsjett for 2018 vedtas ut fra de foreslåtte rammene, og i tråd med diskusjonen i møtet.

IR-sak 10/18 Forskarutdanningsmelding, forskingsmelding 2017

Vedtak:

Instituttrådet vedtar forskningsmelding og forskerutdanningsmelding for 2017 med de merknader som framkom i møtet.

IR-sak 11/18 HMS-plan 2018

Instituttleder orienterte om nye tiltak i handlingsplanen for HMS-arbeid, blant annet tiltak for å motvirke trakassering. IR etterlyser status for arbeidet med et felles lunsjrom for ansatte i HF-bygget. Det tilbys kurs i brannvern for studenter og ansatte, men det er vanskelig å nå frem til studentene med felles meldinger/e-post. Det kom forslag om andre typer sosiale arrangement enn kakelunsj, for eksempel instituttseminar som kan skape mer kontakt mellom forskere og forskningsaktiviteter. Store mengder e-post som ikke oppleves relevant er et problem. Instituttleder foreslår at digitalisering av LLE-nytt tas med i planen.

Vedtak:

Instituttrådet vedtar HMS-plan for 2018 med de merknader som framkom i møtet.

IR-sak 12/18 Instituttlederstillinga, medlem av innstillingsutval

IR skal oppnevne representanter til innstillingsutvalg for instituttlederstillingen.

Vedtak:

Instituttrådet vedtar Keld Hyldig som medlem av instillingsutvalg til instituttlederstillingen, med Christine Hamm som vara. Fakultetet kan endre rangeringen som representant/vara dersom det er nyttig for å oppnå jevn kjønnsrepresentasjon i utvalget.

IR-sak 13/18 Eventuelt

- *Sak ved Eli Kristine Knudsen:* IR har ikke blitt orientert om ny koordinatorstilling knyttet til norskkursene ved LLE. Det er behov for å diskutere stillingen, samt hvordan institutt- og norskkursøkonomi er knytt sammen. Innspillet ble notert av instituttleder som inviterer fagmiljø til møte.
- *Sak ved Arild Linneberg:* I utlysningen av stipendiatstillinger fremgår det at veileder skal være fast tilsatt ved instituttet, som er spissere enn det som kreves i reglementet. Videre oppfattes det som problematisk at søkere må ha avtale med en veileder allerede ved søknad. Krav om tilsetting i utlysningene bygger på diskusjoner i FFU. Det ble kommentert at kontakt mellom søkere og veileder på et tidlig tidspunkt er viktig for å sikre at fagmiljøet er interessert i gi veiledning til det aktuelle prosjektet.

Sak ved Oda Marie Villanger: Instituttutvalget oppfordrer fagmiljøene til å delta på Fagkritisk dag.

Møte hevet kl. 10.00.

Aleksander Morland, sekretær

Norsk språkhistorie

<http://nsh.novus.no/>

Bergen/Trondheim/Tromsø, 12.3.2018

Til

Norsk faglitterær forfatterforening

Fritt Ord

Institutt for nordisk og mediefag, Universitetet i Agder, Kristiansand

Programområde for forskning innom språkhistorie, Institutt for kultur- og språkvitskap,
Universitetet i Stavanger

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen

Det humanistiske fakultetet, NTNU, Trondheim

Institutt for språk og kultur, Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet

Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning, UiT – Noregs arktiske
universitet

Høgskulen på Vestlandet, Bergen

Rapport om arbeidet i 2017

Vi viser til tidlegare rapportar vi har sendt inn for tida 2012–2016 datert 17.10.2012, 27.2.2014, 14.2.2015, 4.3.2016 og 8.3.2017. I rapporten frå 17.10.2012 er det gjort greie for den første finansieringa av redaksjonssekretærstillinga, og i rapporten frå 8.3.2017 er det fortalt om sluttfinansieringa.

Då vi skreiv rapporten i fjor, håpte vi at 2017 skulle bli siste året med arbeidet i *Norsk språkhistorie*; slik blei det ikkje. Men fjoråret blei eit svært arbeidskrevjande år. Vi greidde å tøyje finansieringa av redaksjonssekretæren ut året 2017, og vi hadde ein plan om at vi då skulle kunne nå over alle fire binda. Men framdriftsplanen for andre bindet sprakk våren 2017 pga. illustrasjonar som ikkje var ferdige, og vi måtte ta krisemøte i redaksjon og forlag, der vi innsåg at vi måtte omorganisere viss vi skulle komme i mål. Eit moment var komme i tillegg, nemleg at Forskingsrådet måtte ha dokumentert at hovudarbeidet i redaksjonen for heile verket var ferdig innan jul 2017 for at rådet kunne betale ut trykkeskottet.

Dei fire bindredaktørane blei dermed involvert i ein stram plan der alle måtte gå inn for å gjere "redaksjonssekretærarbeid" for kvarandre. Frå då og fram til no har det derfor vore arbeidd intenst med redaksjons- og kontrollarbeid, vi har alle vore bilderedaktørar, teke ekstra språk- og referansekontrollar osv., osv. Vi har m.a. lese alle kapittel grundig på nytt att for å perfeksjonere saklege og tekniske detaljar. Dette gjeld dei to siste binda, som redaksjonssekretæren ikkje fekk tid til å arbeide grundig med.

Forlaget og vi greidde faktisk fristen til Forskingsrådet, som ville ha situasjonen dokumentert i pdf-filer som viste monterte sats. Ingen av oss hadde rekna med å måtte gå så tungt inn det tekniske redaksjonsarbeidet, men ved å legge til side andre prosjekt har vi no greidd det. Sistekorrekturen til satsen i sistebindet blei sendt til forlaget sist fredag. No står det att å lage register til dei to siste binda.

Andre bindet er for tida til trykking, og tredje og fjerde bindet blir nok sendt trykkeriet i løpet av april månad. Derfor er dette siste rapporten om dette prosjektet.

Prosjektet *Norsk språkhistorie* har gitt oss solid erfaring på mange "nivå". At det skulle ta så lang tid, var ikkje i fantasien vår. Men vi ser at dei parallelle prosjekta i Danmark og Sverige, som var godt i gang før vi begynte å planlegge det norske, enno ikkje har komme så langt som vi. Det danske har fått ut det første av seks bind, og i det svenske har enno ikkje noko komme på trykk. Dette er inga trøst, men det dokumenterer kompleksiteten i så store prosjekt.

For oss har det kravd mykje arbeid å organisere skrivearbeidet som samarbeid mellom mange forfattarar. Men eit slikt verk hadde i vår tid vore umogleg utan eit slikt samarbeid. Også redaksjonsarbeidet med kontrollar av alt fagleg har teke uventa mykje tid, og ikkje minst det tekniske etterarbeidet med detaljar i satsen. Vi har måtta innsjå at det er eit samansett fag vi arbeider med, perspektiva og disiplinane er mange, og språkstadia vi beskriv for ein periode gjennom 2000 år, krev stor grammatisk og teknisk presisjon, for alle detaljane skal vere pålitelege.

Det blei ein strid tørn, men no er det gjort. Vi meiner det norske språksamfunnet om få månadar har fått si første fullstendige vitskaplege språkhistorie. Då har vi lagt bak oss slitet, men vi er klare over at vi har måtta tøye andre sitt tolmod langt.

Alle instansane som får dette brevet – og det vil seie dei som har ytt bidrag til finansieringa av redaksjonssekretærstillinga – er omtalt og takka i forordet til verket i alle fire binda. Utan dokkar hjelp hadde prosjektet vore heilt urealistisk.

Vennleg helsing frå redaktørane,

Brit Mæhlum Agnete Nesse

Tove Bull *[sign.]*

Brit Mæhlum

Agnete Nesse

Helge Sandøy

Helge Sandøy

IR-sak 15/18: Dagleg leiar for Norskksursa

DISKUSJONSUTKAST TIL FAGMILJØ OG IR 9.5.18

DAGLEG LEIAR VED NORSKKURSA – fast stilling

Ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE) er det ledig ei 100 % fast stilling som dagleg leiar for Norskksursa frå **DATO**. Norskksursa drifrar Universitetet i Bergen sitt tilbod om norskopplæring for utanlandske studentar og tilsette, og den daglege leiaren skal ha eit overordna fagleg og administrativt ansvar for dette tilbodet.

Norskksursa ved LLE har for tida 12 fast tilsette universitetslektorar og tilbyr årleg norskopplæring til om lag 1100 – 1200 utanlandske studentar og tilsette. Det blir gitt undervisning på ulike nivå, frå nybegynnarkurs til kurs med meir fokus på akademisk skriving. I tillegg til undervisning kjem eksamensarbeid (sensurering, utarbeiding av eksamensoppgåver og plasseringsprøver) og anna undervisningsrelatert arbeid. Ved Norskksursa arbeider ein dessutan med å utvikle ulike nettbaserte læringstilbod og nytt læremateriell. Norskksursa har også eit nært fagleg samarbeid med studiefaget norsk som andrespråk.

Stillingsomtale - arbeidsoppgåver

Den daglege leiaren ved norskksursa skal leie den daglege drifta av kurstilbodet og ha det overordna faglege og administrative ansvaret for norskundervisninga for utanlandske studentar og tilsette ved UiB. Leiaren rapporterer til instituttleiaren for LLE.

Stillinga er definert som svarande til universitetslektor, og inneheld 20 % undervisning og undervisningsrelatert arbeid, 15 % eige FoU-arbeid og 65 % leing og administrasjon. Delar av undervisninga kan bli lagt til sein ettermiddag eller kveld. Det kan òg verte aktuelt med undervisning i delar av sommaren.

I nært samarbeid med instituttets administrasjon, studieadministrativ avdeling (SA) og personalavdelinga (HR) ved UiB skal den daglege leiaren ha oversyn over dei administrative prosessane knytte til opptak av studentar til norskksursa.

Som dagleg leiar har ein òg ansvar for å oppdatere og endre emneplanar i nært samarbeid med programstyret for Norskksursa og administrasjonen ved LLE.

Den daglege leiaren har det utøvande personalansvaret for dei tilsette ved Norskksursa delegert frå instituttleiaren ved LLE.

Arbeidsoppgåver under leing og administrasjon inneber vidare:

- å planlegge undervisningstilbodet for Norskksursa og sørge for at det er i tråd med det som målgruppa (utanlandske studentar og tilsette ved UiB) har behov for og er dimensjonert for ut frå dei tilgjengelege ressursane ved eininga
- å skaffe kvalifiserte vikarar når dette er naudsynt og sjå til at desse får relevant opplæring og oppfølging
- å ha eit fagleg ansvar for undervisninga ved eininga, motivere medarbeidarane til å drive utviklingsarbeid og til å utvikle læremateriell, bl.a. til nettbaserte tilbod

- å legge arbeidsforholda til rette for den enkelte medarbeidar slik at ho/han kan drive FoU-arbeid innanfor dei rammene som stillinga har
- å sørge for gode arbeidsrutinar i samarbeid med dei tilsette på Norskursa og administrasjonen på LLE
- å så godt som mogleg sørge for eit godt og nært fagleg samarbeid mellom dei tilsette ved Norskursa og vere med på å legge til rette for eit godt samarbeid innan fagområdet norsk som andrespråk.

Den som vert tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga. Ein viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innanfor si normale arbeidspåkt og faglege kompetanse kan den som vert tilsett også bli pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Kvalifikasjonar

Den som vert tilsett, må ha mastergrad eller cand.philol.-grad med hovudfag i nordisk språk og litteratur, hovudfag/master i norsk som andrespråk, eller tilsvarande mastergrad/hovudfag. Det er ein fordel om ein har norsk som andrespråk i fagkrinsen, og ein bør ha god kjennskap til fagfeltet. Undervisningsspråket er norsk, og søkjarar må kunne dokumentere kompetanse i bokmål og nynorsk. Søkjarar må ha morsmålskompetanse eller tilnærma morsmålskompetanse i norsk, noko som i tillegg til innsendt dokumentasjon kan bli vurdert under prøvoførelsesing og intervju.

Då dette fyrst og fremst er ei leiarstilling, vert det lagt stor vekt på administrativ erfaring og leiarerfaring, særleg frå universitets- og høgskulesektoren. Sidan leiaren skal ha eit fagleg ansvar for Norskursa, er det vidare ein fordel med god kjennskap til andrespråksundervisning og –forskning både ved UiB og andre institusjonar.

Det blir òg lagt stor vekt på erfaring frå undervisning i norsk som andrespråk/framandspråk, særleg på universitets- og høgskulenivå. Andre relevante kvalifikasjonar er pedagogisk utviklingsarbeid, erfaring frå nettbasert undervisning/fleksibel læring og vitskapleg arbeid i fagfeltet norsk som andrespråk. Ein vil ved tilsetjing leggje vekt på at søkjarane er skikka til å drive undervisningsarbeid.

Personlege eigenskapar:

- gode leiareigenskapar, gode samarbeids- og kommunikasjonsevner, fleksibilitet og sørvisinnstilling
- evne til å arbeide sjølvstendig, strukturert og målretta
- evne til å prioritere og ha god struktur i periodar med stort arbeidspress
- personlig skikka til å vera leiar

Aktuelle kandidatar må rekne med å bli kalla inn til prøvoførelsesing og intervju. I vurderinga av søkjarane vil det verte lagt stor vekt på dei personlege eigenskapane som trengst i stillinga, og intervjuet vil verte tillagt særleg tyngde for den samla vurderinga.

Det blir stilt krav om pedagogisk basisutdanning i stillinga. Søkjarar som ikkje fyller dette kravet ved tilsetjinga, får tilbod om opplæring og må dokumentere at utdanninga er fullført innan to år etter dato for tilsetjing.

Vi kan tilby

- Løn etter lønssteg **XXX** etter tenesteansiennitet. Søkjarar med doktorgrad kan be om vurdering for tilsetjing som førstelektor eller førsteamanuensis (lønssteg **XXX**). Slik tilsetjing er eit personleg opprykk og vil ikkje få konsekvensar for arbeidsoppgåvene som er lagt til stillinga.
- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- Medlemskap i Statens pensjonskasse
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Gode velferdsordningar

Andre opplysningar

Universitetet i Bergen nyttar prinsippet om meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir tatt til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den statlege arbeidsstokken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til instituttleder ... eller administrasjonssjef ...

Slik søker du stillinga

Søknad med CV skal sendast elektronisk via link på denne sida "Søk stillinga".

Søknaden skal innehalde ei kort utgreiing om søkjaren sine undervisnings- og forskningsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga, og dessutan namn og kontaktinformasjon for to referansepersonar.

Søknaden må innehalde oversyn over vedlegg som dokumenterer søkjaren sine pedagogiske kvalifikasjonar. Dette kan til dømes gjerast ved innsending av:

- prov for gjennomført pedagogisk utdanning
- evalueringsrapportar av søkjaren si undervisning
- oversyn over undervisningsomfang og -nivå
- mottekne studentprisar
- eigne pedagogiske publikasjonar
- eigne undervisningskompendium og undervisningsmaterieill
- rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning, så som alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø

I tillegg skal søkjarane sende via ordinær post, sortert i 3 bunkar (Universitetet i Bergen, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, postboks 7805, 5020 Bergen):

- CV
- Fullstendig liste over vitskapleg arbeid og/eller pedagogisk utviklingsarbeid

- Inntil 5 publikasjonar eller upubliserte manuskript (inkl. doktorgradsavhandling)
- Kopi av vitnemål og attestar

Søkjarar må i lista over vitenskaplege arbeid merkje dei arbeida eller deler av arbeida som det skal leggjast særleg vekt på ved vurderinga.

IR-sak 17/18: HMS-rapport 2017 og revisjon av HMS-plan 2018

Bakgrunn (for vedlegg, sjå nettsidene):

- Fakultetsstyresak 15/18, 20.03.18
- Innlevert HMS-rapport 2017
- HMS-plan 2018, vedteken i IR-sak 11/18, 6.3.18
- Notat om instituttstrukturen, IR-sak 28/17, 31.08.18

Denne saka er todelt, men delane bør sjåast i samanheng.

For det første vedtok IR i IR-sak 11/18 HMS-planen for 2018, og denne planen vart drøfta på HMS-samlinga for LLE den 16.04.18. I samband med dette møtet vart det innmeldt og minna om viktige punkt som ikkje er tydeleg nok uttrykte i planen, derfor er det på sin plass med ein revisjon.

For det andre vedtok fakultetsstyret 20.03.18, sak 15/18, at alle instituttråd ved fakultetet skulle følgja opp forbetningspunkt i dei innleverte HMS-rapportane for 2017:

Fakultetsstyret tar HMS-rapporten til etterretning og ber ledelsen ved den enkelte enhet om å følge opp rapporterte forbedringsområder, særleg gjelder dette gjennomføring av medarbeidersamtaler og vidare oppfølging av enhetens resultater i ARK-undersøkelsen. Forslag til tiltak og plan for vidare oppfølging skal legges frem for instituttrådene i løpet av vårsemesteret 2018.

Dette er vanleg praksis. Dei tiltaka som IR no vedtek, skal rapporterast til fakultetet og følgjast opp av instituttleiinga resten av året 2018. Viktige felles moment for desse to punkta er oppfølging av arbeidsmiljøundersøkinga ARK frå 2016 og problemstillingar knytte til gjennomføring av medarbeidersamtalar.

Revisjon av HMS-planen

Det er frå fleire kollegaer og fagmiljø ved LLE meldt om problem med undervisningslokala ved fakultetet, særleg ved Sydneshaugen skole. Det handlar dels om teknisk og praktisk støtte, t.d. datastøtte, dels manglande tilsyn med at alt nødvendig utstyr er på plass. Dels handlar det om utforming av romma, særleg plassering av tusjtafler og skjerm for prosjektør. Til det siste er det kommentert at desse to typane skjerm ofte er plasserte over kvarandre slik at dei ikkje kan brukast parallelt som støtte for kvarandre, og dette er opplevd som eit hinder for pedagogisk tilrettelegging. Moglege nye punkt i HMS-planen under «Det fysiske arbeidsmiljøet» kan vera:

- Tavle til å skrive på ved sida av duk for skjermvising, særleg i aud. A og B
- Skilting og rettleiing for lysbrytarar
- Rutinar for tilgjengeleg inventar
- Fast installerte dokumentkamera i (nokre av) undervisningsromma

Instituttet har meldt inn desse tinga ved fleire tidlegare høve, men utan å få tilbakemelding. Det er nødvendig å trykkja på fakultetet og EIA for å få sett i verk tiltak, derfor bør dette punktet inn i HMS-planen for instituttet.

Gjennomføring av medarbeidersamtalar

I sak 15/18 skriv fakultetet dette:

Flere av enhetene melder fortsatt om få gjennomførte medarbeidersamtaler. Særlig gjelder dette for vitenskapelig ansatte og stipendiater. Fakultetsledelsen har forventninger om at dette også fremover får en høyere gjennomføringsprosent hos flere av enhetene i inneværende år. Fakultetsledelsen vil ta et nytt initiativ til en drøfting av dette med instituttledelsene våren 2018.

LLE er det instituttet som har den dårlegaste statistikken. I 2017 kom instituttet godt ut når det galdt samtalar med det administrative personalet, men ikkje når det galdt gruppe A og B, og denne tendensen er gammal. Instituttet kan ikkje tillata seg å forklara alle desse problema med strukturelle årsaker, sjølv om talet på tilsette pr. leiar i gruppe B og særleg A er for høgt, noko notatet om instituttstruktur i IR-sak 28/17 peika på. På nokre punkt er det mogleg med kortsiktige og effektive tiltak som kan bøta på situasjonen:

- I dei næraste åra vil LLE ha postdoktorar. Talet er relativt lite, og denne gruppa bør prioriterast.
- Med grunnlag i administrasjonen sitt oversyn over start-, midtvegs- og sluttsamtalar med stipendiatane kan forskingsleiaren prioritera medarbeidersamtalar i dei åra det kandidaten ikkje har andre typar samtale.
- Mellombels tilsett personale som ikkje er stipendiat eller postdoktor, er det òg så få av i tal at undervisningskoordinatoren kan prioritera dei.
- Den omorganiseringa av Norsk kursa som leiinga har arbeidd med, kan fullførast slik at medarbeidersamtalane i dette fagmiljøet kan delegerast til ein fast tilsett dagleg leiar.

Det er vanleg å rekna med at ein leiar ikkje bør ha ansvaret for rundt 15 medarbeidarar. Med dei tiltaka som er skisserte ovanfor, kan det vera mogleg å komma ned i eit slikt tal for om lag alle grupper av tilsette, bortsett frå fast vitenskapleg tilsette utanom Norsk kursa. Denne gruppa vil framleis liggja på rundt 50 i talet, og medarbeidersamtalar med desse vil framleis vera eit ansvar for instituttleiaren. Endringar i dette vil krevja ulike former for delegering, derfor er det positivt at fakultetet i sak 15/18 signaliserer vilje til slik diskusjon. Notatet i IR-sak 28/17 bør vera ein del av diskusjonsgrunnlaget.

Oppfølging av ARK

Arbeidsmiljø- og klimaundersøkinga ARK vart gjennomført i november 2016 som spørjeundersøking og drøfta på felles møte for dei tilsette i desember 2016. Fakultetet skriv i sak 15/18 at resultatata for fakultetet i store drag samsvarer med nasjonale tendensar:

ARK-undersøkelsen viste at HF samlet sett ligger på snittet i UHR-sektoren på de aller fleste parametere sammenlignet med andre virksomheter som har

gjennomført samme undersøkelse. Ved HF det noe variasjon i resultatene og dette følges opp på den enkelte enhet.

Det viktigaste moment å følgja opp, er medarbeidarsamtalane, sjå ovanfor. I HMS-planen er det teke inn punkt om kommunikasjon, samhandling og forventningsavklaring internt i leiing og administrasjon og på tvers av fagmiljøa, og dette er reelt viktige forbedringspunkt som det er viktig å ikkje sleppa taket i. Samstundes er det grunn til å peika på at sjukmeldingar er ei viktig delforklaring på at arbeidet i 2017 og 2018 ikkje er komme langt nok. Her òg er det grunn til å peika på IR-sak 28/17.

Framlegg til vedtak

1. HMS-planen vert revidert med tillegg av desse punkta under «Det fysiske arbeidsmiljøet»:
 - Tavle til å skrive på ved sida av duk for skjermvising, særleg i aud. A og B
 - Skilting og rettleiing for lysbrytarar
 - Rutinar for tilgjengeleg inventar
 - Fast installerte dokumentkamera
2. Arbeidet med medarbeidarsamtalar får auka prioritet ved LLE i åra som kjem. Det bør utarbeidast realistiske planar for medarbeidarsamtalar med gruppe B, særleg må postdoktorar prioriterast. For gruppe A samarbeider LLE med fakultetet for å utvikla praktiske former for delegering.
3. LLE vidarefører oppfølginga av ARK i samsvar med HMS-planen for 2018.
4. Arbeidet med punkt 3 og byggjer på den drøftinga av strukturelle problem ved fakultetsorganiseringa som vart lagd fram for IR 31.08.17, sak 28/17.

[IR-sak 18/18: Eventuelt](#)
